

# Årsrapport 2006

## Hardangervidda Fjellopsyn



## Forord

Med denne årsrapporten ynskjer me å gi ei kortfatta oversikt over verksemda til Hardangervidda Fjelloppsyn as i 2006.

Me vil takke oppdragsgjevarane og andre kontaktar for samarbeidet.

Geilo, april 2007

Sigurd Gudmundsen /s/  
Styreleiar

Georg Gjøstein  
Dagleg leiar

---

## Innhald

<b>1. UTFØRT ARBEID.....</b>	<b>3</b>
1.1 OPPSYNSARBEID .....	3
1.2 SEKRETARIAT .....	4
1.3 REGISTRERINGSARBEID, SKJØTSEL OG VEDLIKEHALD M.M.....	4
1.4 FELTARBEID FOR FORVALTNINGS- OG FORSKNINGSINSTITUSJONAR .....	5
<i>Villrein</i> .....	5
<i>Vatnkvalitet</i> .....	5
<i>Beitestudie</i> .....	5
1.5 OMFANGET AV ARBEIDET.....	6
<b>2. ORGANISASJONEN.....</b>	<b>6</b>
2.1 STYRET .....	6
2.2 PERSONALET .....	6

# 1. Utført arbeid

## 1.1 Oppsynsarbeid

Oppsynsarbeidet har skjedd på oppdrag frå *Fjellstyra på Hardangervidda* og *Statens naturoppsyn*.

For *fjellstyra* på Hardangervidda er det utført kontrollar av fiskerar, villrein- og småviltjegerar samt helde tilsyn med vernereglane for nasjonalparken og det øvrige miljøloverket i statsallmenningane på Hardangervidda.

For *Statens naturoppsyn* har ein handheva miljøloverket i Hardangervidda villreinområde. Det helde oppsyn i Hardangervidda nasjonalpark og 10 andre verneområder. Oppsyn med motorferdsel er utført både i sommar- og vintersesongen. På oppdrag for Statens naturoppsyn deltok fjelloppsynet med personell til villreinjaktoppsynet i villreinområda Stølsheimen, Brattefjell/Vindeggen, Norefjell/Reinsjøfjell og Hardangervidda. Det er utført oppsyn med elgjakt i Buskerud, samt tilsyn med spelplassar for storfugl i Oppland. Noko tid er også nytta til tilsyn med kulturminner, hekkelokalitetar og laksefiske. D et vart helde særskild oppsyn med fiske i det vestlege utbreingsområdet til ørekyte på Hardangervidda.



Jaktoppsyn ved Store Meinsvatn i Rauland statsallmenning Foto: Hans-Jørgen Jahren

## Kontrollar, advarslar og anmeldelsar

Totalt er det kontrollert 186 personar av oppsynspersonell tilsett i Hardangervidda Fjelloppsyn as (tabell 1). Det er gjeve 7 advarslar og føreteke 3 anmeldelsar (tabell 2).

Tabell 1. Antall kontrollerte

Tema	Antall kontrollerte			
	2006	2005	2004	2003
Motorferdsel sommar og vinter	26	66	101	80
Småviltjegerar	34	30	49	49
Storviltjegerar villreinjakt/elgjakt	68/4	112/6	16/61	12/56
Fiskerar	54	16	37	48
<b>SUM</b>	<b>186</b>	230	264	225

Tabell 2. Antall advarslar og anmeldelsar

Tema	Antall advarslar			Antall anmeldelsar		
	2006	2005	2004	2006	2005	2004
Motorferdsel, sommar og vinter				1	2	
Småviltjegerar	6	1	2			
Storviltjegerar	1	3	2	1	1	
Fiskerar		2	1	1		1
Bandtvang		2	3			
<b>SUM</b>	<b>7</b>	8	8	<b>3</b>	3	1

## Informasjon

Gjennom kontakt med publikum, er det gjeve muntleg informasjon til **329 personar**. Innhaldet i informasjonen favnar vidt, men vanlege tema er historikk om nasjonalparken, forslag til tur og løypeval, salgstader for jakt og fiskekort, informasjon om plante og dyrelivet, utgreiing om lover og reglar i høve til nasjonalparken og utøving av jakt og fiske. Det er arrangert jegerkafe på Rødberg og ungdomshelg i Isdalen i Eidfjord.

## 1.2 Sekretariat

Tilsette i fjelloppsynet har utført sekretærarbeidet for fylgjande fjellstyrer:

- Rauland fjellstyre
- Øvre Numedal fjellstyre
- Ullensvang fjellstyre
- Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning
- Ulvik fjellstyre

Ein har også teke hand om sekretærfunksjonen for *Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda (SfH)*.

## 1.3 Registreringsarbeid, skjøtsel og vedlikehald m.m.

### Arbeid utført for fjellstyra

- Vedlikehald av hytter
- Feiing og andre brannverntiltak
- Transport av ved /propan og anna utstyr til hytter
- Renovasjon
- Prøvefiske, ørekytekontroll og anna fiskekultivering

## Arbeid utført for Statens naturoppsyn

- Tilsyn med villrein i nærområda til Rv 7
- Sporing etter jerv
- Ekskrementinnsamling frå fjellrev vinterstid
- Registreringar av aktivitet på gamle fjellrevhi sommarstid
- Skjøtselsarbeid i Hardangervidda nasjonalpark (skilt med ny nasjonalparkinformasjon vart sett opp).
- Skjøtsel i verneområder utanfor Hardangervidda nasjonalpark (nye skilt og info-tavler m.m.)
- Utkøyring av søppel frå Hardangervidda
- Tilsyn med arrangement.
- Befaring langs traktorsleper med formål å sjå på eventuelle estetiske tiltak.

Arbeidet som er utført for *Statens naturoppsyn* er gjort nærare greie for i egne rapportar



Jervespor ved Holken i Ullensvang statsallmenning. Foto: Georg Gjøstein

## 1.4 Feltarbeid for forvaltnings- og forskningsinstitusjonar

### Villrein

Fjelloppsynet deltok med mannskap under strukturtelling av villrein på oppdrag frå *Villreinutvalet*

### Vatnkvalitet

Fjelloppsynet har henta vassprøver i samband med ”Prosjekt priikkaure”, på oppdrag frå *Universitetet i Bergen*.

### Beitestudie

Fjelloppsynet har vedlikehelde gjerdene i eit husdyrbeitestudie på oppdrag frå

Universitetet i Oslo.

## 1.5 Omfanget av arbeidet

Det er utført 6540 timeverk (3,7 årsverk), i 2006 (Tabell 3). Av dette er 5564 timar utført for 13 eksterne oppdragsgjeverar.

Tabell 3. Arbeid utført av Hardangervidda Fjelloppsyn as i 2006

Oppdragsgjever	Type arbeid	Timar
Ulvik fjellstyre	Oppsyn, transport, tilsyn med hytter, sekretariat	376,5
Ullensvang fjellstyre	Oppsyn, transport, tilsyn med hytter og sekretariat	543
Odda fjellstyre	Oppsyn, tilsyn med hytter	168,5
Røldal fjellstyre	Oppsyn, tilsyn og vedlikehald av hytter	215,5
Eidfjord fjellstyre	Oppsyn, transport, fiskekultivering og vedlikehald av hytter	293
Rauland fjellstyre	Oppsyn, tilsyn med hytter og sekretariat	125
Øvre Numedal fjellstyre	Oppsyn, transport, vedlikehald av hytter, fiskekultivering, sekretariat	960,5
SfH	Sekretariat	205,5
Statens naturoppsyn	Oppsyn, skjøtsel, informasjonsarbeid m.m.	2558,5
Universitetet i Bergen	Prikkaureprosjekt	44
Universitetet i Oslo	Beitestudie	41
Hardangervidda Villreinutval	Strukturteiling	33
Anna arbeidstid	Administrasjon, kurs, fagmøter, personalmøter, rapportering, tillitmannsarbeid m.m.	976
<b>SUM</b>		<b>6540</b>

## 2. Organisasjonen

### 2.1 Styret

Styret var samansett av styreleiar Sigurd Gudmundsen og styremedlemene Liv I. Myklatun og Steinar Langesæter. Styret har handsama 12 saker i 2006.

### 2.2 Personalet

Det har vore 6 fast tilsette medarbeidarar i selskapet i 2006. Tommy Sandal, Kristoffer Ullern Hansen og Astrid Ettestad har vore midlertidig tilsett. Helge Bitustøyl har vore tillitsvald og verneombud. (Tabell 4.)

Tabell 4. Tilsette i 2006

Tilsett / kontorstad	Stillingstorleik
Georg Gjøstein, Geilo	100 %
Trine Hilstad, Kinsarvik	50 %
Kåre Hallingstad, Hol	87,5%
Hans- Jørgen Jahren, Rødberg	79 5%
Irene Bjåen, Ulvik	50%
Helge Bitustøyl, Rauland	50%
Tommy Sandal	Midlertidig tilsett
Kristoffer Ullern Hansen	Midlertidig tilsett
Astrid Ettestad	Midlertidig tilsett

